

**Interkommunalt planutval (IKPU) - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland (i tillegg deltok også arbeidsgruppa)**

**Møte:** 2-2020  
**Tid:** Fredag 11. desember kl. 09.00 – 10.15  
**Stad:** Teamsmøte

**Til stades:**

<b>IKPU:</b>	Malin Andvik (Alver), Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Hege Eide Vik (Vaksdal)
<b>Arbeidsgruppa</b>	Kristin Nåmdal (Alver), Asbjørn Toft (Austrheim), Jan Torry Sande (Fedje), Ingvild Høydal (Gulen), Sveinung Toft (Masfjorden), Viviann Kjøpstad (Osterøy), John Hoshovde (Vaksdal)
<b>Andre:</b>	Hans Kristian Dolmen (HK), Bent Gunnar Næss (BG)
<b>Referent</b>	Bent Gunnar Næss
<b>Forfall</b>	

<b>Sak 06/20</b>	<b>Godkjenning – sakliste og innkalling</b>  <b>Vedtak:</b> Det var ingen merknad til sakliste og innkalling.
<b>Sak 07/20</b>	<b>Godkjenning av referat frå førre møte</b>  <b>Vedtak:</b> Det var ingen merknad til referatet.
<b>Sak 08/20</b>	<b>Orientering om møte 07.12.2020 med regional referansegruppe</b>  Det vart orientert om møte som hadde vore med regional referansegruppe 07.12.20. Se også vedlagt referat frå møte og vedlagt ppt.  Det var positive tilbakemeldingar frå representantane i gruppa.  For arbeidet vil det vere viktig å ha ein god dialog med den regionale referansegruppa.  <b>Vedtak:</b> Orienteringa tatt til vitande.
<b>Sak 09/20</b>	<b>Innspeil frå Fedje om vindmøller i sjø og sjønære vindmøller</b>  Ordførar Stian Herøy og Jan Torry Sande orienterte om bakgrunn for saka:  <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunestyret vedtok i mars månad at det bør sjåast på om der er areal nord for Fedje som kan nyttast til vindmøller i sjø/sjønære vindmøller</li> <li>• Fedje har drøfta dette med fylkesmannen og dei ber om at det blir tatt med i planleggingsarbeidet i den regionale planen for sjøareal</li> </ul>

	<p>Det var brei semje om at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vindmøller på Fedje blir omtalt i planprogrammet som noko som skal vurderast</li> <li>• Dersom det viser seg at dette arbeidet blir så krevjande at det ikkje kan realiserast innafør den oppgitte tidsplanen så må det eventuelt takast ut av planarbeidet. Viktig at dette finn ein smidig prosess som sikrar at ein held seg innafør oppgitt tidsplan.</li> <li>• Dette er litt ukjent område der lovverket ikkje er heilt avklart det gjer det også litt utfordrande og få det klart fram i planprogrammet kva som skal utgreiast osb.</li> <li>• Fedje (ordførar og rådmann), leiar i IKPU + leiar i arb gruppa Kristin Nåmdal – tar eit møte med fylket og fylkesmannen – for å få avklart korleis dette kan takast inn i planprogrammet. Sekretariatet tek initiativ til eit møte</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Orienteringa tatt til vitande.</p>
<p><b>Sak 10/20</b></p>	<p><b>Planprogrammet – gjennomgang av utkastet – innspel – prosess vidare</b></p> <p>Hadde ein gjennomgang av planprogrammet slik det no ligger føre.</p> <p>Det kan bli litt krevjande å få sendt ut eit utkast til planprogram før jul i og med at ein vil ha eit møte med fylkesmannen og fylkeskommunen for å drøfte dette med vindmøller. Men det bør sendast ut eit utkast slik at kommunane kan få handsama det i formannskap/planutval i første møte i 2021.</p> <p>Det vart også i møte peika på at dette med medverknad er viktig og at næringslivet og organisasjonar takast med.</p> <p><b>Vedtak:</b> Orienteringa tatt til vitande.</p>
<p><b>Sak 11/20</b></p>	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>Fagseminar 25. januar – HI vil der orientere om eit prosjekt – som heter Coast Risk (heilskapleg økologisk forvaltning) – inviterer både IKPU og arbeidsgruppa. Kommer ein kalenderinnkalling.</p> <p>Regionalt planforum – vil invitere oss inn dit for å orientere om arbeidet.</p> <p>Knarvik, 11. desember 2020</p>